



## Notat

Dato: 07.10.2014  
Arkivsak: 2014/21895-1  
Saksbehandlar: livsund

---

<b>Til:</b>	Kultur- og ressursutvalet Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### **Planrapport 2013 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering**

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd rapporten «Planrapport 2013 – regional og kommunal planlegging i Hordaland». Rapporten blir lagt fram for å orientere om korleis oppgåver knytt til plan- og bygningslova er forvalta i samsvar med delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune. I tillegg er den eit kunnskapsgrunnlag for alle som er involvert i regional og kommunal planlegging i Hordaland.

Planrapporten skildrar status for regional og kommunal planlegging i Hordaland i 2013, sett i samanheng med tidlegare år. Det er i særleg grad arealretta regionale og kommunale planar som får merksemd. Tala i rapporten er i hovudsak basert på fylkeskommunens rapportering til KOSTRA, statistikk over inkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune, politiske saker og innspel frå andre regionale og statlege etatar.

Hordaland fylkeskommune sine lovpålagde oppgåver er knytt til regional planlegging, ivaretaking av regionale interesser i forvaltning og kommunal planlegging og rettleiing av kommunar i deira planlegging etter plan- og bygningslova. I tillegg har fylkeskommunen satsingsområde innan tettstadsutvikling.

Rapporten inneheld orientering og statistikk om følgjande hovudtema:

- Regional planlegging
- Kommunal planlegging
- Planhandsaming av regionale organ i Hordaland
- Tettstadutvikling
- Rettleiing og kompetanseutvikling

#### **Regional planlegging**

Hordaland fylkeskommune hadde i 2013 høg planaktivitet med 11 regionale planar under arbeid. Rapporten gjer greie for planar vedtekne i 2013, gjeldande regionale planar og regionale planar under arbeid i 2013. av planar under arbeid vert Regional plan for attraktive senter i Hordaland, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet samt regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger omtalt spesielt. Ansvaret for prosess og utarbeiding av desse planane ligg hos planseksjonen i fylkeskommunen.

### **Kommunal planlegging**

Kapittelet viser status for kommunal planlegging i Hordaland i 2013 og handsaming i Hordaland fylkeskommune. Statistikken er i hovudsak basert på innkomne arealplanar på høyring til Hordaland fylkeskommune. Kapittelet inneheld omtale og statistikk for kommunal planstrategi og kommune(del)planar, reguleringsplanar og dispensasjonar, inkludert oversikt og innhald i motsegner frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen hadde i 2013 11 kommune(del)planforslag og 11 planprogram for kommune(del)planar på høyring. Av reguleringsplanar var 280 planforslag på høyring og 285 til oppstart - ein auke frå 2012.

Det vart fremja motsegn frå Hordaland fylkeskommunen til alle dei fem kommune(del)planar som var på 1. gongs høyring i 2013. Motsegnene er i hovudsak knytt til kulturminne.

Til reguleringsplanar vart det fremja motsegn til 7 planar, det tilsvarar 3% av planforslaga på høyring. Alle motsegnene dreia seg om kulturminne, i tillegg var ei sak i konflikt med sentrumsutvikling. Alle motsegner vert vedtekne politisk av Kultur- og ressursutvalet.

Hordaland fylke ligg på landstoppen når det gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova, men talet på rapporterte dispensasjonar har gått ned sidan 2010. I Hordaland fylkeskommune vart dispensasjonssøknader i 2013 berre handsama ut frå kulturminne, dette grunna manglande kapasitet

### **Planhandsaming av regionale organ i Hordaland**

Rapporten inneheld oversyn over alle organ med motsegnskompetanse, oversikt over motsegner i Hordaland frå alle etatar og plantypar, plansaker til mekling hos Fylkesmannen og plansaker avgjort av Miljøverndepartementet i 2013. Totalt sett var det ein markant nedgang i talet på motsegner frå 2012 til 2013, og talet for meklingar har minka tilsvarande. Det er Fylkesmannen som fremjar flest motsegner, men det er også Fylkesmannen som hadde størst nedgang i talet på motsegner.

### **Tettstadutvikling**

Rapporten omtaler lokalt og regionalt samarbeid om tettstadutvikling og tilskot som er løyvd til planleggingsprosessar og prosjekt. Norheimsund vann nasjonal pris som «attraktiv stad» og er omtalt spesielt.

### **Rettleiing og kompetanseutvikling**

Rettleiing og kompetanseutvikling innan kommunal planlegging er ei kjerneoppgåve. Ved sida av rettleiing gjennom kommunale plansaker, vert det arrangert fagsamlingar med erfaringsutveksling, regionalt planforum, konferansar og informasjon på internett via [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan). Rapporten gir utfyllande informasjon om aktivitetane i 2013 på dette feltet.

Tettstadkonferansen 2013 hadde tema «gode bustader i sentrum» og plankonferansen hadde «Fellesinteresser og eigarinteresser i planlegging – kart som premiss og produkt» som tema. Begge konferansane hadde stor deltaking.

Gjennom fleire år har Hordaland fylkeskommune vore pådrivar for å utvikle fagtilbod innan plan, og hadde i 2013 samarbeid med Høgskolen i Bergen om utforming av søknad for erfaringsbasert mastergrad i planlegging.